

**Samferdselsdepartementet****v/Jørn Ringlund**

PB 8010 Dep.

0030 OSLO

Dykkar ref.: Vår ref.: 15/50-1 Arkivkode: K2-N61, K3-&amp;13

Dato: 19.01.2015

**Høyringsuttale til ny postlov frå Granvin herad**

Hardanger kjempar for å oppretthalda folketal, arbeidsplassar og ei utvikling av regionen i ei tid med aukande sentralisering. Hardanger har kommunar der statlege og fylkeskommunale tilbod stadig vert nedlagde og sentralisert. No også nedbygging av post-tenestene. Framlegg til ny Postlov gjev dyrare og dårlegare distriktstilbod. Derfor må lovtekstane endrast slik at:

1. Noreg må framleis ha einheitsporto, lik over heile landet.

Einheitsportoer syter i dag for lik pris på brev i heile landet, og at overskotet fra lønsame område gjev gode og likeverdige posttenester for alle. Dersom marknaden vert liberalisert vil einheitsportoer bli erstatta med makspris. Dermed får vi ikkje lenger likeverdige tenester til lik pris i heile landet.

2. Stortinget må bestemma Postpolitikken i Noreg.

Postpolitikken må ikkje verta eit byråkratisk departementalt ansvar styrt av sitjande regjeringar. Dette vert lite forutsigbart og gjev usikre vilkår for distrikta.

I Norge har me vært samde om ein politikk som gjer det mogeleg å jobba og bu i heile landet. Liberalisering av postmarknaden rammer distrikta hardt.

Post er nødvendig infrastruktur som gjer det mogeleg for folk og bedrifter i heile landet å handla og å kommunisera med kvarandre på like vilkår. Dårlegare og dyrare post-tenester, slik regjeringa har forslått i ny postlov, vil ramma folk og næringsliv i distrikta.

Viss næringslivet vert svekka i distrikta, vert også grunnlaget for busetjing svekka.

Ringverknadane kan verta store. Det vert dårlegare vilkår for alle som ikkje bur og jobbar i sentrale strøk.

3. Det vert postlevering 6 dagar i veke i heile landet. (jf § 7)

Dette må gjelda for all postombering og ikkje berre for aviser. Det må vera eit berande prinsipp i postlova at innbyggjarane i Noreg skal få post alle kvardagar heile året levert til si heimeadresse. Unntaksreglane for dette må ikkje kunna fastsetjast i forskrifter eller i enkeltvedtak i departement eller direktorat.



Hardanger

**Postadresse:**Postboks 13  
5733 Granvin**Internettside:**[www.granvin.kommune.no](http://www.granvin.kommune.no)**Telefon:**

56 52 40 00

**Org.nr.:**

844162502

**Telefaks:**

56 52 40 01

**Bankkontonr.:**

6501 05 67305

**E-post:**[postmottak@granvin.kommune.no](mailto:postmottak@granvin.kommune.no)**Postgirokontonr.:**


0803 5786504

4. Alle fastbuande skal få sin post i tråd med § 19, pkt 1-3.

I tråd med Lagmannsretten sin domsslutning av november 2014 tilkjendt Harald Omnes på vegne av 8 innbyggjarar i Nome i Telemark skal posten fram til alle fastbuande.

Unntaksreglane i § 19 må endrast for det kan igjen medføra distriktsulempe for mange innbyggjarar. Spreidd busetnad er ikkje grunnlag for å begrensa leveringsplikta. Her må teksten leggja vekt på om endra plassering av utleveringspostkasse vil bidra til rasjonell postomdeling.

Med helsing



Ingebjørg Winjum

Ordførar

Direkte innval: 56 52 40 10